




Anskaffingsstrategi for Hemsedal kommune

Pr. juni 2025



Innhald

1. Innleiing	3
2. Mål.....	3
3. Overordna mål – Bidra til gode tenester og verdiskaping for kommunen, og sørge for effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.	4
3.1. Delmål 1 – Effektiv bruk av kommunens ressursar.....	4
3.2. Delmål 2 – Klima og miljø.....	4
3.3. Delmål 3 – Samfunnsansvar lokalt og globalt	5
4. Frå ord til handling	6



1. Innleiing

Hemsedal kommune utførte i 2023 innkjøp av varer og tenester for 155 millionar, noko som utgjer 30% av det årlege budsjettet. Av dette utgjer 72 millionar investeringar innan bygg og anlegg.

Innkjøps-, teneste og rammeavtaler som blir inngått er difor av stor betydning for kommunen, dei tilsette, leverandørane og brukarane av kommunale tenester. Og det følgjer eit ansvar om å opptre som ein samfunnsbevisst og profesjonell innkjøpar og sørge for effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Samtidig ynskjer kommunen å bruke innkjøpa som eit bevisst og strategisk verktøy for å bidra til samfunnsansvar, næringsutvikling, miljøgevinst og innovasjon.

Hemsedal kommune sin strategi for anskaffing er knytt til Kommuneplan for Hemsedal kommune 2019-2030. Kommuneplanen har som klima- og miljømål: «Norges «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve til CO2 utslepp», «langsiktige og heilskaplege arealbruks- og utbyggingsplanar» og «berekraftig klima- og energipolitikk». Mål for næringsutvikling er: «Heilårleg berekraftig reiselivsutvikling», «200 nye arbeidsplassar basert på eit variert og berekraftig næringsliv», «Kreativt og innovativt entreprenørskap» og «eit landbruk bygd på framtidstru og miljø».

Etter at kommuneplanane var vedtatt, har regjeringa skjerpa krava for å ivareta klima- og miljøomsyn ved offentlege anskaffingar, slik at kommunen må legge betydeleg større vekt på klima- og miljøomsyn enn før. Hovudregelen er at miljøomsyn må vektast med minimum tretti prosent ved utarbeidast av tildelingskriteria som tilboden skal vurderast etter. Alternativt kan det stilles klima- og miljøkrav i kravspesifikasjon for varen eller teneste, dersom dette gir en klart betre klima- og miljøeffekt.ⁱ Dette gjer for at landet skal nå sitt utslippsmål med halvering av klimagassutslepp innan 2030.

Innkjøp er strategisk viktig og skal vere med på å sikre kommunen sine mål. I ein del tilfelle er det ein direkte samanheng mellom kvaliteten på dei innkjøpa som blir gjort og på tenestene som kommunen leverer. Hemsedal kommune skal igjennom sine innkjøp bidra til å redusere miljøbelastninga ved å etterspørje meir miljø- og klimavenlege produkt og tenester.

Hemsedal kommunes anskaffingar skal støtte viktige mål som berekraft, gode lønns- og arbeidsvilkår, bruk av lærlingar, innovasjon og lokale ringverknader – som er i tråd med Kommuneplanen og gjeldande regjeringsplattformⁱⁱ.

2. Mål

Anskaffingsstrategien skal bygge på Hemsedal kommune sin hovudstrategi og definere overordna tankar og åtferd ved anskaffingar. Anskaffingsstrategien skal gje eit felles grunnlag for gjennomføring av berekraftige anskaffingar og sikre effektiv ressursbruk. Hemsedal kommune skal gjennomføre anskaffingar på ein profesjonell måte, i tråd med lov og forskrift, og basert på Anskaffelseslova § 4 sine fem grunnprinsipp; «Konkurranse, likebehandling, etterprøvbarhet, forutberegnelighet og forholdsmessighet». Strategien gjeld for alle anskaffingar som blir gjennomført i kommunen på tvers av administrative einingar. Den gjeld i alle fasar av anskaffingsprosessen, frå planlegging til utlysing. Alle tilsette har eit felles ansvar for å bidra til at Hemsedal kommune lykkast med å gjennomføre måla sine.



3. Overordna mål – Bidra til gode tenester og verdiskaping for kommunen, og sørge for effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.

Hemsedal kommune sine anskaffingar skal bidra til gode tenester og verdiskaping, og sørge for berekraftig bruk av samfunnet sine ressursar. Anskaffingar skal bidra til grøn næringsutvikling og redusere klima- og miljøbelastninga i samfunnet, motkjempe sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Anskaffingar skal skape tillit til Hemsedal kommune som ein profesjonell og samfunnsbevisst innkjøpar.

3.1. Delmål 1 – Effektiv bruk av kommunens ressursar

Hemsedal kommune sine anskaffingar skal være basert på konkurranse og skal sikre at einsynt til «likebehandling, etterprøvbarhet, forutberegnelighet og forholdsmessighet» blir ivaretatt igjennom heile anskaffingsprosessen. Hemsedal kommune skal gjennom å bygge kompetanse og kultur bidra til å utvikle felles tenking og åtferd i anskaffingsarbeidet og sjå kvar anskaffing i samanheng med total ressursbruk i organisasjonen. Hemsedal kommune skal ha fokus på styring, kontroll og oppfølging av innkjøpa sine. Det er viktig å ha ei enkelt tilgjengeleg avtaleportefølje som gir økonomisk gevinst gjennom standardisering, effektivisering og samordning av anskaffing.

Tiltak:

- Etablering av ein anskaffingsstrategi.
- Utarbeide anskaffingsreglement og- rettleiar.
- Størst mogeleg bruk av faktura i elektronisk format (EHF). Alle avtaleleverandørar skal nytte EHF-faktura.
- Etablere rutinar for tettare oppfølging av alle inngåtte kontraktar.
- Heve kompetansen på anskaffingar i organisasjonen og sørge for at alle som utfører anskaffing har grunnleggjande kompetanse innan offentlege anskaffing.
- Auke kompetansen og bruken av konkurransegjennomføringsverktøy (KGV), kontraktadministrasjonsverktøy (KAV) og eHandel.
- Sørge for at KGV har enkelt tilgjengelege og oppdaterte rutinar, rettleiarar, malar og verktøy til bruk i anskaffingsprosessen.
- Etablere hensiktsmessig samhandling med involverte etatar og avdelingar i anskaffingsarbeidet og vidareutvikle samarbeid med andre kommunar.
- Delta i regionale innkjøpssamarbeid der dette er hensiktsmessig.
- Ha god oversikt og etablere lett tilgjengeleg informasjon om gjeldande kontraktar, avtaler, vilkår og retningslinjer.

3.2. Delmål 2 – Klima og miljø

Hemsedal kommune skal nytte klima og miljøløysingar som sikrar grøn næringsutvikling. Kommunen skal bruke si innkjøpsmakt til å redusere klima- og miljøbelastninga i samfunnet.

Anskaffingspraksisen skal vere slik at unødvendig material- og energibruk blir unngått, og gjenbruk og sirkulærøkonomi blir nytta i den grad det er mogeleg. Kommunen skal tenke, planlegge og leggje vekt på heile anskaffingas levetid (livssyklus) for å oppnå miljøgevinstar og spare pengar.



Tiltak:

- Aktivt bruke miljøsertifisering, merkeordningar og miljøleingsystem i kvalifikasjonskrav, kravspesifikasjonar, tildelingskriteria og kontraktvilkår til anskaffinga.
- Berekne anskaffingas tenestenes livssykluskostnad tidleg i anskaffingsprosessen.
- Arbeide for å redusere frakt og emballasje.
- Bygge vidare på samarbeidande som er starta, og jobbe for å bygge kompetanse internt i kommunen og i Hallingdal.

3.3. Delmål 3 – Samfunnsansvar lokalt og globalt

Kommuneplan for Hemsedal kommune 2019-2030 har som mål for næringsutvikling: «Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø». Kommunen skal bl.a. jobbe for eit miljøvennleg landbruk, oppretthalde og helst styrke den landbruksmessige produksjon, god samhandling mellom landbruk og turisme og nytte kortreist mat frå lokal foredling og produksjon.

Hemsedal kommune sin anskaffingsstrategi skal, innanfor dei rammene som regelverket gir, leggje til rette for deltaking frå lokalt næringsliv. Hemsedal kommune skal gjere lokalt næringsliv betre i stand til å koma med konkurransedyktige tilbod.

Tiltak:

- Auke dei lokale leverandørane sin kunnskap og kompetanse om offentlege anskaffingar.
- Finne og utvikle arenaer for å møte næringslivet.
- Stille krav til leverandørane som er forholdsmessige, relevante for leveransen og ikkje urimeleg høge.
- Dele opp store anskaffingar der det er høveleg.

Hemsedal kommune skal gjennom sine anskaffingar fremje respekt for grunnleggande arbeidstakar- og menneskerettar, samt nytte dei mogelegheitene som finst i regelverket til å skape et meir inkluderande samfunn.

Tiltak:

- Nytte seriøsitetsbestemmingar som Viken-modellen - et anstendig arbeidsliv, eller liknande, for innkjøp over 2,05 millionar (Ref. Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar §4).
- Følgje opp krav som blir stilt i kontraktane.
- Kjøpe rettferdig handel-sertifiserte produkt der det er mogeleg.
- Stille krav til dyrevelferd der det er relevant, jfr. Lov om dyrevelferd.

Prioritere lokale leverandører der det er mogeleg innanfor gjeldande regelverk Hemsedal kommune skal legge til rette for at lokale leverandørar får reelle moglegheiter til å delta i kommunale anskaffingar. Dette inneber å:

- Formulere krav og kriterium i konkurransar på ein måte som er tilgjengeleg også for små og lokale aktørar, så fram det er forholdsmessig og relevant.
- Vurdere oppdeling av kontraktar slik at mindre lokale verksemdar kan levere på delar av behovet.



- Stille krav eller nytte tildelingskriterium som fremjar lokal verdiskaping, berekraft og kortreist produksjon, der dette er relevant for det som skal kjøpast.

Tiltaket skal bidra til å styrkje det lokale næringslivet, redusere klimaavtrykket og byggje robuste lokalsamfunn.

4. Frå ord til handling

For å sikre gode anskaffingar skal Hemsedal kommune:

- Utarbeide retningslinjer, rutinar og malar for heile anskaffingsprosess.
- Bruke digitale verktøy for større anskaffingsprosessar.
- Ta i bruk nye verktøy som bidrar til utvikling av offentlege anskaffingar.
- Jobbe systematisk med implementering, opplæring, forankring og oppfølging.
- Oppnå gode avtalar gjennom gode anskaffingsprosessar.
- Syte for at alle som gjer innkjøp i kommunen er kjent med kommunen sin anskaffingsstrategi, gjeldande lovverk og har grunnleggjande kompetanse om offentlig anskaffing.
- Ha høg kompetanse innan anskaffingsfaget og arbeide for auka kompetanse på offentlege anskaffingar i kommunen.
- Ha gode rutinar for gjennomføring og oppfølging av inngåtte avtalar.
- Sikre lojalitet til inngåtte rammeavtalar.

For å lykkas med å implementere strategien er det behov for:

- At anskaffingsstrategien er forankra frå topp til botn i organisasjonen.
- At alle anskaffingar blir gjennomført i høve til gjeldande regelverk og interne rutinar, og at kontraktar blir etterlevd.
- At det er ressursar tilgjengelege til utvikling og gjennomføring av forbetringstiltak.

Dette blir gjort gjennom å:

- Utnytte kompetanse hjå ressurspersonar i etatar som alt gjennomfører anskaffingsrelaterte oppgåver.
- Forenkle og effektivisere saksbehandlingen.
- Legge til rette for å nytte eksterne ressursar ved behov.
- Gjennomføre anskaffingsprosessar gjennom KGV.
- At informasjon om strategien blir kommunisert ut til heile organisasjonen.

ⁱ Regjeringen.no «[Nå skal klima og miljø vektas minst 30 % i offentlige anskaffelser - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/na-skal-klima-og-miljo-vektes-minst-30-i-offentlige-anskaffelser-regjeringen.no)», 04.08.2023

ⁱⁱ Regejringer.no, «<https://www.regjeringen.no/contentassets/cb0adb6c6fee428caa81bd5b339501b0/hurdalsplattformen.pdf>», 14.10.2021